



# Besl. O. nr. 85

(2005-2006)

## Odelstingsbeslutning nr. 85

Jf. Innst. O. nr. 65 (2005-2006) og Ot.prp. nr. 77 (2005-2006)

År 2006 den 13. juni holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

### vedtak til lov

om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane gjerast følgjande endringar:

#### I

§ 3 skal lyde:

*Kommunestyret kan skrive ut eideomsskatt på faste eideomar i heile kommunen, eller i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang. Kommunestyret kan velja å skrive ut eideomsskatt berre på verk og bruk som nemnde i § 4 andre leden andre og tredje punktum. Utskriving av eideomsskatt på verk og bruk kan òg skje i tillegg til utskrivning av eideomsskatt i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang.*

§ 4 første punktum skal lyde:

Eideomsskatt vert skriven ut på dei faste eideomane ut frå tilhøva den 1. januar i *skatteåret*.

§ 5 ny bokstav h skal lyde:

*h) Eideom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk.*

§ 7 bokstav e vert oppheva.

§ 11 første ledd andre punktum vert oppheva.

§ 13 første ledd første punktum skal lyde:

Første året det vert utskrive eideomsskatt i ein *kommune*, må skatten ikkje vera større enn kr 2 av kvart kr 1.000 av takstverdet.

§ 13 første ledd femte punktum vert oppheva.

#### II

Endringane under I blir sette i kraft straks med verknad frå og med skatteåret 2007.

#### III

##### *Overgangsreglar*

Ved ikraftsetjing av endringane under I gjeld følgjande overgangsreglar:

Ved utskrivning av eideomsskatt for skatteåret 2007 i dei kommunane som vil nytte alternativet om eideomsskatt i heile kommunen, skal skatten vera utskriven før 1. juni 2007.

**Berit Brørby**

president

**Asmund Kristoffersen**

sekretær

